| 160 Utgifter/godtgj. reise,diett, bil m.v. (oppg.p | 4 | 4 | 1 | 50 | 45 | 55 | 3 | 2 | 2 | 47 | 53 | 43 | 0 | 0 | 0 | 104 | 104 | 101 |
| 165 Andre oppg.plikt., men ikkje trekkplikt. yte | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1,2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 |
| 170 Drift av eigne transportmidlar / Reiseutgif | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 4,3 | 96 | 90 | 75 | 7 | 7 | 15 | 0 | 0 | 0 | 103 | 98 | 94 |
| 180 Energi | 0 | 0 | 0 | 480 | 730 | 533 | 75 | 80 | 72 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 555 | 810 | 605 |
| 185 Forsikringar | 0 | 0 | 0 | 130 | 120 | 113 | 35 | 13 | 33 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 165 | 133 | 146 |
| 190 Leige av lokaler og grunn | 0 | 0 | 0 | 9 | 0 | 9,0 | 0 | 0 | 0 | 10 | 10 | 0 | 0 | 0 | 0 | 19 | 10 | 9 |
| 195 Avgifter, gebyr, lisensar | 213 | 210 | 205 | 47 | 55 | 48 | 60 | 57 | 57 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 320 | 323 | 310 |
| **UTSTYR, MATERIELL OG VEDLIKEHALD** | **155** | **271** | **139** | **299** | **388** | **551** | **775** | **874** | **863** | **0** | **27** | **33** | **0** | **0** | **0** | **1 229** | **1 560** | **1 586** |
| 200 Inventar og utstyr | 23 | 155 | 21 | 18 | 30 | 79 | 5 | 3 | 11 | 0 | 27 | 11 | 0 | 0 | 0 | 46 | 215 | 122 |
| 210 Leige, leasing, kjøp av transportmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 220 Leige/leasing/kjøp av maskinar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 30 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 30 | 0 |
| 230 Vedlikehald og byggetenester, nybygg (kj | 0 | 0 | 0 | 95 | 145 | 198,8 | 40 | 50 | 83 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 135 | 195 | 281 |
| 240 Serviceavtalar og reparasjonar | 0 | 0 | 0 | 72 | 69 | 67,5 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 72 | 69 | 68 |
| 250 Materialer til vedlikehald (bruk av eigne folk | 0 | 0 | 0 | 7 | 5 | 4,9 | 41 | 105 | 105 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 48 | 110 | 110 |
| 260 Reinhald-, vaskeri- og vaktmeisterteneste | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 | 1,4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 5 | 1 |
| 265 Vakthald, vektarteneste, alarmsystem | 0 | 0 | 0 | 55 | 64 | 84,5 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 55 | 64 | 85 |
| 270 Konsulenttenester / kjøpte tenester | 132 | 116 | 118 | 52 | 70 | 115,0 | 689 | 686 | 664 | 0 | 0 | 22 | 0 | 0 | 0 | 873 | 872 | 919 |
| **REFUSJONAR TIL ANDRE (Utgifter)** | **286** | **286** | **550** | **580** | **550** | **243** | **0** | **0** | **0** | **28** | **28** | **28** | **0** | **0** | **0** | **894** | **864** | **821** |
| 300 Refusjon til staten/statlege institusjonar | 0 | 0 | 264 | 580 | 550 | 243,0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 580 | 550 | 507 |
| 330 Refusjon til kommunen | 0 | 0 | 0 | | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 340 Refusjon til fellesråd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 350 Refusjon til soknerråd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 370 Refusjon til andre | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 380 Interne overføringar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 28 | 28 | 28 | 0 | 0 | 0 | 28 | 28 | 28 |
| 390 Kalkulatorisk utg. v. komm. ten.yting | 286 | 286 | 286 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 286 | 286 | 286 |
| **TILSKOT OG GÅVER TIL ANDRE** | **121** | **163** | **163** | **332** | **280** | **255** | **395** | **373** | **343** | **59** | **57** | **103** | **0** | **0** | **0** | **907** | **873** | **864** |
| 400 Tilskot til staten/statlege institusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 429 Moms generell kompensasjonsordning | 71 | 63 | 63 | 332 | 280 | 255 | 305 | 290 | 260 | 39 | 37 | 39 | 0 | 0 | 0 | 747 | 670 | 617 |

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 430 | Tilskot til kommunen/komm. institusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 440 | Tilskot/gåver til fellesrådet | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 450 | Tilskot/gåver til soknerådet | 50 | 100 | 100 | 0 | 0 | 0,0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 50 | 100 | 100 |
| 465 | Overføring av offer/innsamla midlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 470 | Tilskot/gåver til andre | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 90 | 83 | 82 | 20 | 20 | 64 | 0 | 0 | 0 | 110 | 103 | 146 |
| **FINANSIERINGSUTGIFTER** | | **850** | **0** | **2** | **680** | **640** | **659** | **1 213** | **1 210** | **1 227** | **9** | **2** | **0** | **0** | **0** | **365** | **2 752** | **1 852** | **2 253** |
| 500 | Renteutgifter | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 2 |
| 510 | Avdragsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 520 | Utlån, kjøp av aksjar og andelar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 530 | Dekn. av tidl. års rekn.messig meirforbruk | 850 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 850 | 0 | 0 |
| 540 | Avsetning til ubundne fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 259 | 0 | 0 | 259 |
| 550 | Avsetning til bundne fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 53 | 9 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 9 | 2 | 53 |
| 560 | Avsetning til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 570 | Overføring til investeringsrekneskapet | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 580 | Rekneskapsmessig overskot | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 106 | 0 | 0 | 106 |
| 590 | Avskrivingar | 0 | 0 | 0 | 680 | 640 | 659 | 1 213 | 1 210 | 1 174 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 893 | 1 850 | 1 833 |
| **SALG, EIGENBETALING OG AVGIFTER** | | **0** | **0** | **0** | **-58** | **-60** | **-40** | **-1 374** | **-958** | **-1 381** | **-732** | **-472** | **-430** | **0** | **0** | **0** | **-2 164** | **-1 490** | **-1 851** |
| 600 | Brukarbetaling ved kyrkjelege tenester | 0 | 0 | 0 | -8 | -10 | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -8 | -10 | -10 |
| 610 | Betaling frå deltakarar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -2 | -732 | -472 | -430 | 0 | 0 | 0 | -732 | -472 | -432 |
| 620 | Sal varer, tenester, gebyr (avg.fritt) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -53 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -53 |
| 630 | Husleigeinntekter / utleige av lokaler / fest | 0 | 0 | 0 | -50 | -50 | -38,8 | -1 204 | -783 | -1 208 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 254 | -833 | -1 247 |
| 650 | Avgiftspliktig sal av varer og tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -170 | -175 | -118 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -170 | -175 | -118 |
| 660 | Sal av driftsmidlar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 670 | Sal av fast eigedom | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **REFUSJONAR FRÅ ANDRE (Inntekter)** | | **-446** | **-427** | **-423** | **-332** | **-284** | **-459** | **-395** | **-373** | **-261** | **-39** | **-37** | **-489** | **0** | **0** | **0** | **-1 212** | **-1 121** | **-1 631** |
| 700 | Refusjon frå staten/statlege institusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -180 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -180 |
| 710 | Sjukelønsrefusjon/refusjon frå NAV | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -19 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -449 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -468 |
| 728 | Refusjon for MVA påløpt i invest.rekneska | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 729 | Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskap | -71 | -63 | -63 | -332 | -280 | -255 | -305 | -290 | -260 | -39 | -37 | -39 | 0 | 0 | 0 | -747 | -670 | -617 |
| 730 | Refusjon frå kommune/komm.institusjona | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -90 | -83 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -90 | -83 | 0 |
| 740 | Refusjon frå fellesråd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -3 |
| 750 | Refusjon frå sokneråd | -61 | -50 | -44 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -61 | -50 | -44 |
| 770 | Refusjon frå andre | 0 | 0 | -3 | 0 | -4 | -1,7 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 | 0 | 0 | 0 | 0 | -4 | -6 |
| 780 | Interne overføringar | -28 | -28 | -28 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -28 | -28 | -28 |
| 790 | Kalkulatoriske innt. v. komm.ten.yting | -286 | -286 | -286 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -286 | -286 | -286 |
| **TILSKOT OG GÅVER FRÅ ANDRE** | | **0** | **-150** | **0** | **0** | **0** | **-53** | **0** | **0** | **0** | **-2 577** | **-2 425** | **-2 358** | **-9 116** | **-8 261** | **-8 262** | **-11 693** | **-10 836** | **-10 672** |
| 800 | Tilskot frå staten/statlege institusjonar | 0 | -150 | 0 | 0 | 0 | -21 | 0 | 0 | 0 | -2 009 | -1 988 | -1 940 | 0 | 0 | 0 | -2 009 | -2 138 | -1 961 |
| 830 | Tilskot frå kommunen/komm.institusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -9 116 | -8 261 | -8 261,5 | -9 116 | -8 261 | -8 262 |
| 840 | Tilskot frå fellesråd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 850 | Tilskot frå sokneråd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -200 | -150 | -104 | 0 | 0 | 0 | -200 | -150 | -104 |
| 860 | Offer/innsamling til eigen verksemd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -31 | 0 | 0 | 0 | -368 | -287 | -315 | 0 | 0 | 0 | -368 | -287 | -346 |
| **FINANSINNTEKTER** | | **-28** | **-781** | **-27** | **-680** | **-640** | **-659** | **-1 213** | **-1 210** | **-1 174** | **-121** | **-1** | **-121** | **-174** | **-192** | **-319** | **-2 216** | **-2 824** | **-2 300** |
| 900 | Renteinntekter | -28 | -23 | -27 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 | -1 | -2 | -174 | -192 | -319 | -203 | -216 | -347 |
| 930 | Bruk av tidl.års rekn.messig overskot | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 940 | Bruk av ubundne fond | 0 | -758 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -758 | 0 |
| 950 | Bundne fond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -120 | 0 | -119 | 0 | 0 | 0 | -120 | 0 | -119 |
| 960 | Bruk av likviditetsreserve | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 980 | Rekneskapsmessig meirforbruk (undersko | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 990 | Motpost avskrivingar | 0 | 0 | 0 | -680 | -640 | -659 | -1 213 | -1 210 | -1 174 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | -1 893 | -1 850 | -1 833 |
| | SUM BRUK AV MIDLAR 1010-1599 | 3 581 | 2 308 | 2 789 | 5 864 | 5 948 | 5 408 | 4 271 | 4 267 | 4 086 | 3 569 | 3 747 | 3 806 | 0 | 0 | 365 | 17 285 | 16 270 | 16 453 |

| | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| SUM TILEIGNA MIDLAR 1600-1999 | -474 | -1 358 | -450 | -1 070 | -984 | -1 210 | -2 982 | -2 541 | -2 816 | -3 469 | -2 935 | -3 397 | -9 290 | -8 453 | -8 581 | -17 285 | -16 271 | -16 454 |
| TILEIGNA - BRUK AV MIDLAR | 3 107 | 950 | 2 339 | 4 794 | 4 964 | 4 198 | 1 289 | 1 726 | 1 270 | 100 | 813 | 409 | -9 290 | -8 453 | -8 215 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| SUM DRIFTSUTGIFTER 1010-1499 | 2 731 | 2 308 | 2 788 | 5 184 | 5 308 | 4 749 | 3 058 | 3 057 | 2 859 | 3 560 | 3 745 | 3 806 | 0 | 0 | 0 | 14 533 | 14 418 | 14 201 |
| SUM DRIFTSINNTEKTER 1600-1899 | -446 | -577 | -424 | -390 | -344 | -551 | -1 769 | -1 331 | -1 642 | -3 348 | -2 934 | -3 276 | -9 116 | -8 261 | -8 262 | -15 069 | -13 447 | -14 154 |
| DRIFTSBALANSE | 2 285 | 1 731 | 2 364 | 4 794 | 4 964 | 4 198 | 1 289 | 1 726 | 1 217 | 212 | 811 | 530 | -9 116 | -8 261 | -8 262 | -536 | 971 | 47 |
| (=differanse finansieringspostar + mva komp.invest.) | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | *3* | *4* | *5* | *12* | *13* | *14* | *21* | *22* | *23* | *30* | *31* | *32* | *48* | *49* | *50* | *51* | *52* | *53* |

# Kommunale driftstilskot 2017 - d.d.

| År | Tenesteyting | Budsjettert overføring | Faktisk overføring | Utan kutt 3% | Deflatorstyrt | Deflator | Endring overføring % | Endring overføring kr. | Avvik mellom faktisk overført og deflatorstyrt kr. |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2017 | 262 | 7702 | 7702 | 7702 | 7702 | 2,4 % | | | |
| 2018 | 267 | 7887 | 7886 | 7886 | 7941 | 3,1 % | 2,4 % | 184,00 | -55 |
| 2019 | 275 | 8087 | 8087 | 8087 | 8195 | 3,2 % | 2,5 % | 201,00 | -108 |
| 2020 | 286 | 8329 | 8329 | 8329 | 8277 | 1,0 % | 3,0 % | 242,00 | 52 |
| 2021 | 286 | 8328 | 8029 | 8579 | 8633 | 4,3 % | -3,6 % | -300,00 | -604 |
| 2022 | 286 | 8548 | 8261 | 8836 | 9211 | 6,7 % | 2,9 % | 232,00 | -950 |
| 2023 | 286 | 9057 | 8261 | 9101 | 9690 | 5,2 % | 0,0 % | 0,00 | -1429 |
| 2024 | 286 | 9603 | 8616 | 9374 | 10126 | 4,5 % | 4,3 % | 355,00 | -1510 |
| 2025 | 295 | 10035 | | 9656 | | | | | |
| 2026 | 303 | | | 9945 | | | | | |



# *BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD*

SAKSUTGREIING

| SAKSGANG | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **R.f** | **Utval** | **Møtedato** | **Arkivsaksnr.** | **Saksnr.** |
| 1 | Kyrkjeleg fellesråd | 17.1.2024 | | 2024-01-09 |

Saksbehandlar: Trygve Leigland Arkivnr.:

**2024-01-09 INVESTERINGSPLAN 2024 - 2027**

**Relaterte saker**

**Dokument i saka**

**Framlegg til vedtak**

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner investeringsbudsjettet slik det føreligg.

| **Budsjettforslag 2024 - 2027** | **2024** | **2025** | **2026** | **2027** | **Total ramme** |
|---|---|---|---|---|---|
| Påfylling av gravfelt på Fagervoll gravplass | 1200 | | | | 1200* |
| Planlegging og bygging av nytt orgel i Moster kyrkje | 850 | | | | 5650 |
| Utviding av parkeringsplass ved Bømlo kyrkje | | | 1500 | | 1500 |
| Utvide gravplass på Moster | | | 500 | 3500 | |
| Bytte vindauge i Moster kyrkje | 2500 | | | | 2500 |
| Påfylling av gravfelt på Bremnes kyrkjegard | | 6500 | | | 10200 |
| Investeringstilskot frå kommunen | - 2000 | - 2000 | - 3000 | - 3000 | |
| Bruk av bunde investeringsfond | - 1350 | - 4500 | | -500 | |
| Andre innkomne midlar (innsamla orgel og flygel) | - 1200 | | | | |
| Balanse | 0 | 0 | 0 | 0 | |

**Bakgrunn**

Når det gjeld investeringar har kommunen tidlegare gjeve positivt uttrykk for kyrkja sine framtidige investeringsplanar når det gjeld utviding av gravplassar, opprusting av Bømlo kyrkje, nytt orgel i Moster kyrkje m.m.
For perioden 2023 til 2026 ytra fellesrådet ynskje om 35,2 mill. i investeringstilskot. Dette med kyrkjelydshus knytt til Bremnes kyrkje, og utviding av gravplassen på Bremnes i 2026. Så aleine med 24 mill. i 2026.
Kommunens svara med å kutte på investeringstilskotet i planperioden 2023 til 2026 med 2,15 mill, altså med tilskot på 15 mill. i motsetjing til tidlegare føreslege 17,15 mill. Kuttet vart gjeldande på 2023 budsjettet som vart redusert frå 5,15 mill. til 3 mill. Føreslege investeringstilskot for 2024-2027 vart i møte mellom kommunedirektør og økonomisjef lagt fram med ei totalramme på 28 mill. Vedtek investeringsplan er no frå kommunestyret redusert til 10 mill. for planperioden 2024 til 2027.

Kommune har signalisert at så lenge ein har planar om at desse midlane vil bli brukt, vil ein kunne ta med seg investeringsmidlane over til neste års budsjett, noko som er

positivt, men at det vert kutta i framtidig investeringstilskot er sjølvsagt svært uheldig. Bømlo kyrkjelege fellesråd dreg vidare med seg ein del investeringsmidlar frå prosjekt som endra ikkje er realisert, og ved utgangen av 2023 ser dette ut til å ligge på ca. 6 mill. Tidlegare har kommunen gjeve signal på at dei ynskjer å komme kyrkja i møte med dei budsjetterte rammene for dei kommande åra, noko ein no ser ikkje vert halde. Kommunen er som me enkelt kan sjå i lokalmedia pressa økonomisk.

**Vurdering**

Det er positivt at kommunen har tillit til Bømlo kyrkjelege fellesråd sine ynskte prosjekt og har velvilje for å komma desse i møte. Det at ein får med seg investeringsmidlane ein ikkje har brukt opp tidlegare år er avgjerande for mogelegheitene til kyrkja.

Vidare er det sjølvsagt dumt at det no er tenkt kutt i framtidige budsjetterte løyvingar for andre året på rad.

Det har tidlegare vore inne nokre forholdsvis store prosjekt på investeringsplanen for fellesrådet. Gravplassforholda i Bømlo kommune har vore, og er, pressa. Det hjelper på at ein får gjennomført utvidings- eller påfyllingsprosjekt.

I 2012 vart gravplassen på Espevær utvida som skal gi graver for «overskodeleg framtid». I 2019 fekk ein fylt på gravfelt D på Lykling som gir graver for mange (+/-30 år) framover. I 2023 stod ny gravplass på Vorland klar som vil gi graver for rundt 25-30 år fram i tid.
Dermed er det Bremnes og Moster som gjenstår. I Moster sokn er det tilrettelagt for ny gravplass, men området må opparbeidast. I Bremnes sokn er det press både på Fagervoll, Foldøy og Bremnes. Ein har tidlegare alle desse plassane tenkt utviding, men fleire av plassane er det kanskje betre tilrettelagt for påfylling enn ein eigentleg har tenkt. På Bremnes er det sjølv der det er fleste gravferder i løpet av året og det meste av gravene rundt kyrkja er at forholdsvis ny dato. Ein har framleis reserverte graver på Bremnes gamle gravplass (mellom kyrkja og tidlegare BBR), altså graver der ektefelle nr. 2 framleis lever. Ein har difor tenkt at å utvide gravplassen enda meir mot Storavatnet er det som hadde vore det mest hensiktsmessige som neste seg, for dersom ein fyller på eksisterande gravplass, men ikkje får fjerna tilstrekkeleg med gamle graver, så vil ein heller ikkje gi gode mogelegheiter for nye graver. Ein ser likevel at det kanskje er det ein må gjere, men finne gode løysingar som gjer at dei som i dag festar gravene vert villige til å gi «avkall» på desse for å gi rom for ny gravlegging.

**Konklusjon**

Det er fleire prosjekt som tidlegare har vore i investeringsbudsjetta for fellesrådet og med andre summar. Desse er «skyvd framover» og ligg inne her med nye beløp og nye løysingar.

# *BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD*

SAKSUTGREIING

| SAKSGANG | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **R.f** | **Utval** | **Møtedato** | **Arkivsaksnr.** | **Saksnr.** |
| 1 | Kyrkjeleg fellesråd | 17.1.2024 | | 2024-01-10 |

Saksbehandlar: Trygve Leigland Arkivnr.:

**2024-01-10 PRISJUSTERING AV FESTEAVGIFTER**

**Dokument i saka**

**Framlegg til vedtak**

1. **Kyrkjeleg fellesråd vedtek følgjande endringar i festeavgifter:**

| **For personar busett i kommunen** | Frå 2021 til d.d. (kr) | Forslag til nye satsar frå 1.3.2024 (kr) |
|---|---|---|
| Reservering av grav<br>- Etableringsavgift:<br>- Festeavgift i 5 år (fakturers for 5 år omgangen): | 3 250<br>(2 000)<br>(250 / år) | 3 750<br>(2 250)<br>(300 / år) |
| Gradert festeavgift<br>Reservert grav mellom 0 – 30 år:<br>Fornying av kistegrav mellom 30-40 år:<br>Fornying av kistegrav mellom 40-60 år;<br>Fornying av kistegrav over 60 år: | kr / år<br>250<br>250<br>300<br>500 | kr / år<br>300<br>300<br>400<br>700 |
| Fast årleg pris på urnegrav uavhengig av alder: | kr / år<br>250 | kr / år<br>300 |
| Stellfri urnegrav i 20 år (valfritt)<br>Namna minnelund<br>Eigen namneplate | 12 000<br>18 000 | -<br>4 000 |
| Leige av kyrkja med organist (ikkje medlem)<br>Leige av kyrkje utan organist (ikkje medlem) | 4 000<br>3 000 | 5 000<br>4 000 |

| **For personar busett i annan kommune** | Frå 2021 til d.d. (kr) | Endring frå 2024 |
|---|---|---|
| Urnegrav: Etableringskostnad og festeavgift i 20 år<br>Enkel kistegrav: Etablering pluss festeavgift i 30 år<br>Dobbel kistegrav. Reservering og festeavgift i 30 år | 9 000<br>13 000<br>25 000 | Totalt (feste avgift 30 år)<br>12 000 (9000)<br>15 000 (9000)<br>30 000 (18000) |
| Stellfri urnegrav i 20 år (valfritt)<br>Namna minnelund og festeavgift i 20 år<br>Eigen namneplate og festeavgift i 20 år | 14 000<br>20 000 | -<br>10 000 |
| Leige av kyrkja til gravferdsseremoni<br>Leige av kyrkja med eigen organist | 4 000<br>3 000 | 5 000<br>4 000 |

1. **Vedtaket frå Bømlo kommune om å gi kremasjonsstønad tilsvarande den faktiske eigenbetalinga til kremasjonsavgift og frakt (ca. 6 100,- per 10.1.2024) til etterlatte for å dekka ekstrakostnadane ved kremasjon vert ståande.**

2. **Endring i festeavgifta og nivået på kremasjonsstønad vert sendt til Bømlo kommune til godkjenning.**

3. **Dei nye prisane vert gjort gjeldande frå 1.3.2024**

**Bakgrunn**
Sist gong prisane vart justert var i 2021.

Lovheimel

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) av 26. august 2011.
Gravferdslova gir heimel for å ta avgift for feste av grav:

GL§14: *Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i gravplassens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift.*
GL§21*: Avgifter for bruk av gravkapell, anonym minnelund, navnet minnelund, urnevegg, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra gravplassmyndigheten.*

Lokale vedtekter for gravplassane: Her står reglane for fri grav og festeavgift.

Frigrav
Alle har rett til fri grav i den kommunen ein høyrer heime i (GL §6). I Bømlo kommune er fredingstid 20 år for urnegrav og 30 år for kistegrav. Når fredingstida er over, er grava å rekne som "fri grav", slik lova uttrykker det. "Den som er ansvarlig for fri grav skal gis anledning til å feste graven ved fredningstidens utløp" (Forskriftene §16). Etter at fredingstida er gått ut er det vanleg at det vert inngått avtale om festing av grava. Det er å rekne som avtale når festeavgifta er betalt. Grava kan festast for fem år om gongen.

Det er høve til å reservera grav ved sidan av annan grav, mot avgift. Reservasjonsavgifta er ein del av festeavgifta.

**Vurdering**
Det er 3 år sidan sist justering av festeavgifter. Normalen har vore å justert prisane i starten av ny rådsperiode, men i 2020 vart dette utsett med eitt år. Fellesrådet står fritt til å komme med forslag til kommunestyre når det gjeld prisendring. I perioden 2020 til 2023 gir SSB ei prisstigning på 11,6%. Dersom ein skulle følgt prisendra ville dermed festeavgiftsendringa blitt 279,- for graver mellom 30-40 år, 334,- for graver mellom 40- 60 år og 558,- for graver over 60 år.

Sette med tidlegare kommunal- og fellesrådstankegong vil det likevel også vera mogeleg å legge inn «festepolitiske»-endringar i prisen. I 2020 vart det vedteke betrakteleg høgre prisendring for graver som er 60 år eller eldre, enn for graver mellom 40 og 60 år, og for graver mellom 30 og 40 år. Kommunen er fleire stadar pressa på gravareal og det er ikkje frå noko hald ynskjeleg å måtte utvide gravareala til uberørte områdent med mindre det er heilt naudsynt. Difor vil ein med ein «festepolitisk» endring kunne legge føringar for at festar må vera villig til å betale meir for å oppretthalde eldre graver enn yngre graver. Nokon stader

operer ein med maks grense for antal år med feste. Eksempelvis kan ein maks feste grav til den er 70 år. Ein slik praksis har ein ikkje operer med i Bømlo kommune, men heller prøvd å legge føringar med prisstrategien for at folk skal slette graver når det vert veldig gamle. Med dagens mogelegheiter for symbolsk flytting (samle namne frå ulike gravsteinar på ein felles stein) er det også gode mogelegheiter for å ivareta minna etter avdøde samatundes som ein får frigitt gravareal til nytt bruk. Difor føreslår ein med dette å fortsette med prisstrategiske endringar og skrur opp prisen meir på graver mellom 40 og 60 år, og graver over 60 år enn det prisstigninga skulle tilseie.

For urner har ein ikkje lagt opp til ein slik strategi då ein ynskjer fleire over på denne type gravlegging. Dette er veldig plassbesparande og held difor fast på at urnegraver har den same festeavgifta uavhengig av alder.

Når det gjeld pris på minnelund har den høge prisen her vore for at ein skal dekkje inn kostnadane med å opprette minnelunden. Dette har hovudsakleg sin tankegong knytt til den første minnelunden på Bremnes som vart oppretta der det bere var plass til 8 urner. Med den nye minnelunden med plass til 60 urner vert denne «monumnet-avgifta» fordelt på betrakteleg fleire, og dermed kan ein argumentere for ein lågare pris, som igjen gir gode føringar for å velje denne type gravlegging.

For utanbygdsbuande påbeløper festeavgift frå føreste dag då dei ikkje har rett på fri grav i Bømlo kommune. Vidare er det kostnad for opning av grav.

**Konklusjon**
Dei lokale vedtektene for gravplassane i Bømlo kommune er vedteke av Kyrkjeleg fellesråd. Avgiftsnivået for festeavgift skal godkjennast i kommunestyret. Siste revisjon av prisar var i 2021.

Festeavgifta er foreslått auka for alle kategoriar forutan minnelund med eiga namneplate. Dette då ein ynskjer å legge enda sterkare føringar for at folk skal velje kremasjon og dette gravleggingsalternativet.

## *BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD*

SAKSUTGREIING

| SAKSGANG | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **R.f** | **Utval** | **Møtedato** | **Arkivsaksnr.** | **Saksnr.** |
| 1 | Kyrkjeleg fellesråd | 17.1.2024 | | 2024-01-11 |

Saksbehandlar: Trygve Leigland Arkivnr.:

**2024-01-11 PRISJUSTERING AV STELLAVTALAR**

**Framlegg til vedtak:**

1. **Bømlo kyrkjelege fellesråd gjer følgjande prisendring på tenester kyrkjeleg fellesråd kan tilby:**

   **Oppretting av skeivt gravminne Frå 2021: 4000 inkl. mva. til kr. 5000 inkl. mva. frå 17.1.2024**

   **I dag er det tilbod om to typar gravstell til følgjande årsprisar:**

| | **Mellom 1 og 4 år** | **Mellom 5 og 9 år** | **10 år eller meir** |
|---|---|---|---|
| **Standardavtale** | **2.000,- per år** | **1.850,- per år** | **1.650,- per år** |
| **Utvida stellavtale** | **2.400,- per år** | **2.200,- per år** | **1.900,- per år** |

**Forslag til endra årspris er som følgjer:**

| | **Mellom 1 og 4 år** | **Mellom 5 og 9 år** | **10 år eller meir** |
|---|---|---|---|
| **Standardavtale** | **2.300,- per år** | **2.050,- per år** | **1.750,- per år** |
| **Utvida stellavtale** | **2.700,- per år** | **2.400,- per år** | **2.000,- per år** |

2. **Dei nye prisane vert gjort gjeldande frå 17.1.2024**

**Dokument i saka**

1. Informasjonsskriv om stell.

**Bakgrunn**

Sist gong prisane vart justert var i 2021.

**Vurdering**

Det er naudsynt med ei justering av prisane på stellavtalar som Bømlo kyrkjelege fellesråd tilbyr. Det er i det store og det heile størst fordel for fellesrådet å ha bindande avtalar som går over flest mogeleg år. For enkelheits skuld har ein difor auka årsprisen for avtalar mellom 1 til 4 år med 300,-, avtalane mellom 5 og 9 år med 200,-, og avtalar på meir enn 10 år med 100,-

**Konklusjon**